

Leiar FAU v/Knarvik barneskule Unni Nesbø, nestleiar Denise Hagen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4796 - 14/22182

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

01.10.2014

Svar på oppmøding frå FAU ved Knarvik barneksule

Viser til skriv til Miljøretta helsevern i Lindås kommune, datert 08.09.14, der De oppmodar Miljøretta helsevern om å samhandle med skuleeigar om utbetring av forholda som skal utbetrast ved eksisterande skule medan ein ventar på ny skule. Innspelet er drøfta med kommunalsjef for oppvekst, og difor er det underteikna som svarer på denne oppmødinga.

Takk for det engasjementet De som leiarar i FAU syner i høve til ønskje om å bidra til eit læringsmiljø som er til det beste for elevane. Elevar som trisvt i skulen, har også det beste utgangspunktet for læring. Aktive føresette som deltek i samarbeid med skulen er særskilt viktig for elevane si læring, vekst og utvikling.

Lindås kommune har i dag eit godt samarbeid med Miljøretta helsevern, og vi har som målsetjing å ha teknisk-hygienisk ingeniør med i planleggjingsfasen ved alle byggjeprojekt for barn og unge: Utbetring av eksisterande skule- og barnehagebygg samt ved nybygg. Miljøretta helsevern v/teknisk-hygienisk ingeniør blir difor invitert til samarbeid i tidleg fase for å sikre at denne kompetansen blir nytta i prosjekta. Dette er noko vi har svært god erfaring med, og som vi vil halde fram med i vidare prosjekt. I tillegg er det Miljøretta helsevern v/teknisk-hygienisk ingeniør som gjennomfører tilsyn etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular samt måling av inneklimate m.m.

Formannskapet i Lindås kommune skal i møte 2.oktober 2014 handsame sak om ny Knarvik barneskule og utbetringar på eksisterande skule. På heimesida til kommunen kan De lese saksdokumenta.

Lindås kommune kan stadfeste at Miljøretta helsevern sine vurderingar blir både lytta til og teke omsyn til ved utbetring av eksisterande Knarvik barneskule samt ved planleggjing av ny skule. Lindås kommune vil ønskje FAU lukke til med vidare arbeid.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733
56 37 50 00

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedlegg:

Henstilling til kommunens miljøretta helsevern (L)(40319)

Mottakarar:

Leiar FAU v/Knarvik barneskule Unni
Nesbø

Kopi til:

Rektor ved Knarvik barneskule